



**VALLE KOMMUNE**  
Utvikling

09/7528  
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE  
SENTRALADMINISTRASJONEN

23 DES. 2009

Aust-Agder fylkeskommune  
Serviceboks 606

4809 Arendal

Vår ref:  
2007/135-13

Sakshandsamar:  
Torgeir Haugaa  
☎ 37937523  
tha@valle.kommune.no

Arkiv:  
026

Dato:  
18.12.2009

## Regionplan Agder 2020 - høyring

Vedlagt følger saksframlegg med saksprotokoll frå kommunestyret 16.12.09.

Med helsing

  
Torgeir Haugaa  
rådgjevar samfunnsplanlegging

Saksmappenr: 2007/135-12  
Arkiv: 026  
Sakshandsamar: Torgeir Haugaa

## *Saksframlegg*

### *Valle kommune*

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
138/09	Formannskapet	02.12.2009
93/09	Kommunestyret	16.12.2009

## **Regionplan Agder 2020 - høyring**

### **Rådmannen tilrår:**

Kommunestyret sluttar seg til hovudtrekka i Regionplan Agder 2020. Planforslaget er ein god plattform for regional utvikling.

Samhandling er viktig for å nå felles mål, og dei 5 hovudsatsingsområda er alle viktige prioriterte mål for Agder.

Valle kommune vil likevel peike på at det innan regionen er ulike utfordringar og utviklingstrekk som ikkje vert fanga opp i ein regionplan. Det er viktig at det i det vidare arbeid vert etablert samhandlingsarenaer som kan bidra til utvikling i heile Agder.

### ***Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.12.2009***

#### **Handsaming:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til hovudtrekka i Regionplan Agder 2020. Planforslaget er ein god plattform for regional utvikling.

Samhandling er viktig for å nå felles mål, og dei 5 hovudsatsingsområda er alle viktige prioriterte mål for Agder.

Valle kommune vil likevel peike på at det innan regionen er ulike utfordringar og utviklingstrekk som ikkje vert fanga opp i ein regionplan. Det er viktig at det i det vidare arbeid vert etablert samhandlingsarenaer som kan bidra til utvikling i heile Agder.

### ***Saksutgreiing:***

#### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinga i Aust-Agder og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane. Regionplanen er ei vidareføring av Agderrådets strategiske dokument "Felles mål for Sørlandet 2003 – 2010" og vil erstatte dette.

## 2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Gode planar med prioritering av viktige mål for Agder er viktig for utvikling og samhandling.

## 3. Tilhøvet til gjeldande planar og lover

Plan- og bygningslova.

Regionplanen erstattar fylkesplanen for både Aust- og Vest-Agder.

## 4. Vurderingar

Regionplan Agder 2020 er eit overordna fellesdokument for alle rørte parter. Det er derfor ikkje eit detaljert handlingsprogram, men tar for seg dei store linjer og ikkje minst prioriterte mål.

Hovudmålet i regionplanen er å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv både for busetting og næringsutvikling. Dette gjennom spesielt fokus på landsdelens sine sterke sider. Planen sett spesielt fokus på auka samhandling.

Planen har følgjande hovudsatsingsområde:

- Klima. Høge mål – låge utslepp
- Det gode liv. Agder for alle.
- Utdanning. Verdiskaping tufta på kunnskap.
- Kommunikasjon. Dei viktige vegvala.
- Kultur. Opplevingar for livet.

Som nemnt ovafor er dette ein grovmaska overordna plan for ein samla agderregion. Det vil difor vere ulike utfordringar, trugslar og utvikling innan regionen. For Valle kommune er utviklingstrekk på mange område svært ulike frå utviklingstrekk regionen sett under eitt. Dette til dømes innan områda folketalsutvikling, næringsutvikling og kompetanse.

Regionplanen tar for seg overordna utvikling, mål og utfordringar. Lokale utfordringar vert å handsame på andre arenaer. Etablering av gode samhandlingsarenaer mellom dei sentrale utviklingsaktørane vil vere viktig for utvikling i heile Agder.

Valle, den 16.11.2009

Arne Tronsen  
rådmann